
Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/10237-1

Dato
22.01.2014

Finansiering landslinje smed vg2 Odda vgs

Fylkesrådmannen viser til møtet i Opplærings- og helseutvalet 03.12.13 der Toralv Mikkelsen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Spørsmål vedk. finansiering av den nyoppretta smedlinja v/Odda vgs.».

Bakgrunn

01.01.2012 vart det oppretta eit prosjektsamarbeid vedkommande ei smedutdanning i Odda. Samarbeidet var mellom Odda kommune, Odda vgs og andre lokale aktørar. Prosjektet resulterte i eit ønskje om ei landslinje i regi av Odda vgs, og med finansiering frå staten.

Hausten 2012 vart søknaden frå skulen handsama i OPHE og FUV. I vedtaket vert det skisserte tilbodet tilrådd, og at skulen sin søknad vert vidaresendt til Kunnskapsdepartementet. I saka vert det poengtert at tilskotet frå staten må dekkja alle kostnader ved drift av utdanningstilbodet. Det vert lagt til grunn at landslinja Smed Vg2 ved Odda vgs skal ha ein kapasitet på 15 elevar, og at tilskot frå staten pr. elev bør liggja mellom kr 114 000 og kr 125 000.

Driftstilskot landslinje for Smed Vg2 frå skuleåret 2013/ 2014

Kunnskapsdepartementet har i brev datert 20.12.13 kome med svar på søknaden til Hordaland fylkeskommune og Odda vgs. Her vert det gjeve tilsegn om eit tilskot per elev frå hausten 2014 etter ein sats på kr 121 800. Det er ein skilnad ifrå søknaden og til tilsegna som går på kapasitet. I søknaden vert det lagt opp til ein kapasitet ved tilbodet på 15 elevar, medan departementet set ei grense ved 10 elevar.

Investeringsmidlar

Det vil venteleg vera ein del kostnader knytt til utstyr og oppstart av tilbodet i 2014. Dersom det statlege driftstilskotet ikkje strekk til i høve til trong for naudsynte investeringar vil Hordaland fylkeskommune og skulen gå i ein dialog. Eventuelle investeringar vil då gå av Opplæringsavdelinga sitt budsjett for investeringar i utstyr, driftsmidlar og inventar for 2014.